ISSN 1892-5103

STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 2 | Mars 2012 | 123. ÅRG.

Norderhov kirke, frå 1200-talet eller kanskje endå før. Dette er i Anna Colbjørnsdatter og Jørgen Moe sitt rike.
Foto: red.

«Ljos over grav»

Påskeandakt av Bjørn Sandvik

Påskesalmen «Ljos over grav som oss livsvoni gav» av Elias Blix er i seg sjølv ei mektig påskepreik. Og meisterhanda til Blix, den fyrste og største av dei nynorske salmediktarane, er her lett å merke! Påsketru og norske naturbilete går over i kvarandre. Jesu oppstode er som ei solrenning over våre graver, og Kristus er livstreet som gjev liv til alle truande. Siste verset målar eit norsk landskap med sol på hav, og sluttar med bøna: «Lys oss i land på den livsæle strand, når me frå verdi skal fara».

Men påskedagane i Jerusalem, då Jesus vart krossfest og så sprengde død og grav, var meir fylte av dramatikk enn av vakker poesi. For meg har det alltid vore viktig å halda fast på at dette er historiske hendingar. For mange år sidan høyrde eg ei førelesing i Tyskland. Professoren var rekna som heller radikal, og med stor spaning sat vi og venta på kva han ville seia til evangeliet om Jesu oppstode. Han slo fast: «Grava var tom, det er eit faktum!». Han synte vidare at det finst om lag hundre freistnader på å gje ei såkalla naturleg forklåring på dette. «Her har den menneskelege fantasi fritt spelerom», sa han. «Men kom ikkje til meg og sei at desse forklåringane er betre og meir truverdige enn det kvinnene ved grava og læresveinane forkynte: Jesus er stått opp frå dei døde!»

Slik tala ein kunnig historikar. Men vår tru på oppstoda og ein levande Kristus kan ikkje vinnast med argument og diskusjonar. Evangelia fortel at læresveinane stod heilt hjelpelause dei fyrste dagane etter krossfestinga. Det store vendepunktet var at Jesus synte seg for dei som den levande. Paulus skriv om det i dei fyrste versa av 15. kapitlet i 1. Korintarbrev at Herren synte seg for Peter og for dei tolv, og så for meir enn fem hundre brør. Lukas fortel om dei to som var på veg til byen Emmaus, og så fekk fylgje med ein ukjend som utla skriftene og synte dei at Messias måtte lida og døy. Då framandkaren vart med inn i huset, sette seg til bords med dei og braut brødet, kjende dei han att: Det var ikkje ein framand, men den gode og sterke meistaren og venen deira, Jesus sjølv!

Eit slikt Jesus-møte som dei fyrste kristne er det ikkje mange av oss som får, og vi gjer rett i å ikkje vera kravstore når det gjeld slike opplevingar. Jesus har mange vegar til menneskja, like mange som der er menneske til. Men han må som oftast ha ytre, konkrete hjelpemiddel. Ein vert ikkje kristen av å lesa aviser! Ein ung mann sa til meg: «Eg er ikkje kristen!» «Nei, det har du vel aldri fått sjansen til», svara eg. Han vart litt overraska over svaret. Men eg kjende litt til miljøet og til familien hans. Han var ikkje døypt, hadde aldri gått på søndagsskule eller barneforeining, og han var ikkje konfirmert. Familien gjekk aldri i kyrkja, ikkje ein gong på jolekvelden! Korleis skulle vel Jesus fått han i tale? Men vi veit at Guds vegar er uransakelege. Han kan gå gjennom stengde dører, også stengde hjartedører.

Påskebodskapen er det heilt grunnleggjande i kristentrua. Kvar sundag er ein liten påskedag! Sundagen vart vald til gudstenestedag og heilagdag, fordi Jesus stod opp den første dag i veka, sundagen. Jamvel om moderne kalenderar ikkje set sundagen først, må vi som kristne seia at den dagen er den første dagen i ei ny tidsrekning. Dagen skal vi og nytta til å finna ein plass i det kristne samfunnet og høyra Guds ord. Vi får lov til å tru at Kristus er han som også for deg og meg kan lata det falla «ljos over grav, som oss livsvoni gav».

Bjørn Sandvik er dr. theol. Han har arbeidd både som prest og forskar, har hatt kyrkjelege oppgåver nasjonalt og internasjonalt. Om boka «Språkstrid og salmesang», sjå melding i nr. 1/11. – red.

Om memoria, kunsten å minnast

Av Hermund Slaattelid

Kring året 82 før Kristus skreiv ein lærar i Roma eit samandrag av hovudpunkta i faget retorikk eller talekunst for elevane sine. Han gav gode råd om korleis ein talar skal få tilhøyrarane sine interesserte. Korleis finn han gode poeng som kan overtyda dei? Korleis skal ein politikar eller sakførar ordleggja seg på ulikt vis i ei trette mellom grannar og i saker som gjeld krig eller fred for land og folk? Boka blir kalla Til Herennius, på latin Ad Herennium, for ho var tileigna ein viss Gaius Herennius, ein kar som vi ikkje veit nokon ting om. Vi kjenner heller ikkje namnet på forfattaren.

Det fjerde kapitlet i boka handlar om memoria, kunsten å minnast, som dei gamle la overlag stor vekt på. Ein som tala til folket eller i retten, måtte læra utanboks det han ville seia, meinte dei, for han trong å ha augnekontakt med dei han snakka til, elles ville keisemda ta overhand, slik ho ofte gjer hjå oss når vi ser politikarar på TV som les opp frå ein skriven tekst.

Minnet er av to slag, skriv den anonyme forfattaren av Ad Herennium, anten er det å hugsa godt ein naturleg givnad, eller det er «kunstig», det vil seia tillært gjennom kunst: «Det naturlege minnet er nedlagt i sjela vår og blir til saman med tenkjeevna, det kunstige minnet er det som blir styrkt av ei viss innføring og av planfast opplæring og rettleiing.»

Oppgåva den ukjende læraren set seg i kapitlet om memoria er å hjelpa elevar som treng å styrkja det naturlege minnet sitt med å læra dei «hugsekunst», det inneber å gje dei nokre praktiske reglar og framgangsmåtar som hjelper dei å hugsa betre. Han gjer det med ei lære om «plassar» eller «stader» og «bilete». Han skriv: «Det kunstige minnet stør seg på plassar og på bilete. Plassar er noko vi lett oppfattar

Framhald side 4

STILLE STUNDER

Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Berit Torp,
5286 Haus.
Tlf.: 56 39 03 59.

Bladet kostar kr 150,- pr år

Postgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, formann
Lærar Borghild Melve, Prest/
statsstip Nils-Aksel Mjøs, Sokneprest Ådne Skiftun. Kyrkjeverje
Ingvard Teigland

Redaktør: Sokneprest Ivar Molde, 5700 Voss
Tlf.: 56 51 23 25
E-post: ivarmolde@hotmail.com

Utgjevar: Kyrkjenemndi i Bergen

Forretningsførar: Berit Torp,
5286 Haus.

Trykk: Sunnhordland, Stord.

og held fast i det naturlege minnet vårt, til dømes eit hus, eit rom mellom to søyler, ei krå, ein kvelv. Bilete er visse former og framstillingar av ting vi vil minnast. Dersom vi til dømes vil halda fast på minnet om ein hest, ei løve eller ei ørn, må vi altså setja opp (mentale) bilete av dei på plassar vi har valt oss ut.» Andre ting vi treng å innprenta oss når vi førebur eit ordskifte eller ein tale, er namn på personar eller hendingar, eller det kan vera tankar, omgrep og argument vi har bruk for.

Å finna på særmerkte plassar og tydelege bilete som gjer det lett å innprenta ting, krev både tre-



ning og fantasi. At metoden var effektiv, ser vi av at dei gamle oppnådde ein fabelaktig dugleik i hugse-kunsten, dette har vi mange vitnemål om. Augustin, som var gamal retorikklærar, sat inne med heilt utruleg grundige bibelkunnskapar, og han fortel om Sulpicius, venen sin, at denne kunne seia fram heile Aeneiskvadet av Vergil på fleire tusen verseliner utanboks – framlengs og baklengs!

I mellomalderen vart boka til Herennius ofte kopiert og mykje lesen i klostera og på universiteta, særleg vart ho studert av lærde munkar i samskipnaden til dominikanarane, «preikarordenen», som han vart kalla .Thomas Aquinas var dominikanar, og i det store verket Summa Theologica analyserte han inngåande kapitlet om memoria i den gamle romerske læreboka i talekunst. Han meiner som andre teologar i mellom-alderen at det vi alle, både lærde og lekfolk, framom andre ting må innprenta i hug og kjensle og støtt må ha for auga, er det som hjelper oss til å leva rett, så vi held oss på den vegen som fører til Paradis og tek oss i vare for alt som leier mot Helvete. Vi må påminnast om den kristne trua, vona og kjærleiken og om dei moralske dygdene, klokskap, måtehald, rettferd og omsorg for nesten.
Herennius-boka si lære om plassar eller stader og bilete som styrkjer minnet, blir transformert eller omforma av Thomas Aquinas og andre mellomalderteologar. Med plassar tenkjer dei til dømes på det innvigde gotiske kyrkjeromet med korbogar, søyler og nisjer innvendig og utvendes. Bileta, som skal styrkja minnet, er skulpturar og målarstykke i vindauge og på vegger. Dei framstiller dygdene og dei moralske lyta, bilete av Kristus og av apostlar og martyrar minner dei truande om frelsa og om det kristne livet.

Ein engelsk salme frå 1100-talet, Jesu dulcis memoria, som vi i alle år har sunge i kyrkja, står i denne minne-tradisjonen frå mellomalderen. Arve Brunvoll har omsett det fyrste verset slik:

«Ditt dyre minne, Jesus kjær, er meir enn alle gleder her. Men over allting vert eg glad når sjølv du kjem til denne stad.»

(Norsk salmebok nr. 635).

Tru og overtru

Av Gunvor A. Nygaard

Alt går så fort no til dags. Vekene vert borte og åra flyr av stad nesten utan at me merkar det. Folk snakkar fortare og. Det høyrer me i radioen - eit ras av ord som ramlar over hovuda våre. Radioopptak frå 40-50 år attende hadde eit heilt anna tempo, eit anna innhald og, med kringkastingsorkester og opplysande foredrag som tok til med «Ærede lytter». No er det berre morgonkåseria tilbake, ein programpost som held stand trass i tallause freistnader frå programleiinga på å utradera ein så antikvarisk utvekst.

I gamle dagar var det morgonandaktar og «skikkelege» andaktar – ikkje slike munnrappe «betraktningar» som vert serverte i dag (og som forresten er utryddingstruga, dei og!) Dei gamle andaktane varde i 10-15 minuttar med forkynning og salmesong. Framleis kan eg høyra røystene til Misjonssambandets Tormod Vågen og Birger Breivik ein stad inni hovudet mitt. Ja, slik var det den gongen kristendomen høyrde kvardagen til, og med bibelsoga og krossen i flagget. Det var sjølve identiteten vår, røtene frå slektstreet.

Så har åra sprunge av stad og me oppdagar at kristendom er vorte noko farleg som må bort frå skulen. Under eit bokprogram på TV for ei tid sidan, uttalte ein forfattar (som mange av oss kjenner) at kristendom var overtru på linje med huldra og nissen. Sjølvsagt må forfattaren få meina kva han vil, men det slo meg at merknaden var ein tanke unyansert så lenge kulturen vår er gjennomsyra av kristent tankegods i språk og kunst, vekedagar og høgtider. Dette minner meg om dei tilbakevendande diskusjonane før jul om skulegudstenester. Men kvifor er det så farleg å gå til kyrkje ein gong i året? Ikkje farlegare enn å gå på teater...ei oppleving kanskje, noko høgtideleg eller eksotisk.

Det er når religionen får makt, at han er farleg. Når maktmenneske gjer bruk av heilage bøker som alibi for vald og undertrykking, då skal me protestera. Men for mange truande er religionen ei hjelp til å meistra livet. Me skjønar så lite, me menneske – både av kvifor me lever og kva som er meininga. Difor skal me ikkje krenkja trua til einskildmenneske. Og så lenge Kyrkja forkynner verdiar som nestekjærleik og tilgjeving, fred og forsoning, har me bruk for henne som ein møtestad i gode og vonde dagar.

Ja, alt går så fort no til dags. Det gjekk fort å avkristna Noreg og. I dag er det mange born som blandar saman Jesus og Supermann og Allah...og kva er påske og kva tyder krossen...og nissen vart fødd julaftan o.s.v.

Medan eg skriv dette, ser eg føre meg ei gamal kårkone frå Nordfjordeid. Eg går på lærarskulen i Volda og har reist med ei klasseveninne heim i vinterferien. Den gamle tiltrur meg at ho gled seg til radioandaktane kvar morgon, for då har ho si eiga kyrkja. Før andakten les programleiaren opp salmenummera, som ho så noterer i ei lita notisbok. Og etterpå, når ho har høyrt på med falda hender, les ho salmane på nytt før ho bed for alle i huset og grenda. Ho var trygg, den gamle, for ho hadde eit ankerfeste. Ein heim i himmelen. For henne var trua ei velprøvd sanning, og inga overtru.

NORSK BARNEBLAD – Ei liti stormakt

Bokmelding ved Roald Waktskjold

«Ei liti stormakt», korkje meir eller minder. Det var draumen åt grunnleggjaren av Norsk Barneblad, Kristen Stalleland (1861 - 1949) frå Grimstad. I 1887 kom fyrste nummeret av barnebladet Sysvorti. Bladet hadde då 30 tingarar, men voks til 350 tingarar ved utgangen av året. 1891 vart bladet omdøypt til Norskt Barneblad og så til Norsk Barneblad i 1902. Norsk Barneblad er såleis det eldste bladet på nynorsk, med ei ubroten utgjeving frå starten. Det er det nest eldste barnebladet i landet; Blåveisen, no omdøypt til Superblink, er fem år eldre.



Sysvorti.

Norskt Barnablad.

No. 1. | Januar 1887. | 1ste Aarg.

Fyremæling.

Til Foreldre, Lærarar og Born!

Her tek "Sysvorti" til aa fljuga ut i Noreg. Ho vil fortelja det gildaste, ho veit, og kveda so vænt ho kann fyr norske Born og Ungdom. Ho brukar heimlege Ord og heimlege Tonar og freistar aa faa Borni til aa hugleggja det norske Maalet. Ho kjem med Forteljingar og Æventyr fyre Born, ender og daa eit Stykke um eit Dyr, ein Fugl elder Fisk og annan høveleg Barnalesnad. Og so lyt du no vita det med, at ho vil koma ut ein Gong um Maanaden med eit Hefte paa 16 elder 8 Sidor, ettersom ho fær Raad til. Kjem det Tingarar nog, vil ho faa seg finare Paper og Bilæte. Maatte so Borni faa Hngnad av henne, so vert ho so glad, so glad, kann du tru.

Foreldre og Lærarar maa vita, at det er liten Mun i Maalstrævet vaart, dersom me ikkje faa Borni vaare med oss. Borni eiga Framtidi. Dei maa taka i, der me maa sleppa. Me koma berre halvveges fram med Saki, dei maa føra henne heilt fram. Men skal Borni, som til dessa lesa og læra Dansken, so mun dei koma til neftupp aa tyna den Arven, me strævade med aa sanka. Difyre kjem Norsk meir og meir til Retten sin

Nybrotsarbeid

i 1885 vedtok Stortinget jamstillinga mellom landsmål og norskdansk. Lite var då skrive på landsmålet og ingen ting for born. Fyrst i 1892 vart det lovleg å syngja salmar på landsmålet i kyrkjene og lite og inkje var det av lesnad for born. Andreas Austlid si ABC-bok kom ut i 1880, men leseboka åt Austlid, Lesebok for folkeskulen, vart ikkje fullført før i 1906. Bondeforteljingane av Bjørnstjerne Bjørnson var skrivne for vaksne lesarar. Det var også Per Sivle sine Sogor, men likevel mykje lesne av born. Med Per Sivle kom realismen inn i norsk barnelitteratur. Realisme og heimleg mål og miljø var også Kristen Stalleland si rettesnor for Sysvorti. I bladet skulle ungar få lesnad dei kunne kjenna seg att i. Bladet skulle ikkje vera formanande, men læra borna moral og folkeskikk gjennom lesnaden i bladet.

Dei gode hjelparane

Lærarane hjelpte bladet framover. Det var tevlingar der lærarar over heile landet sanka nye tingarar og bladet vaks seint, men sikkert.

Lærarane såg bladet som god hjelp i norskfaget. Bladet kveikte lesehugen åt borna og såleis vart elevane støare i norsk. Til det kom også at mange lærarar var norsklyndte og ville hjelpa til å rydda rom for landsmålet. Bladet hadde mest litterære stykke. Etter kvart kom også reiseskildringar, vitsar, gåter og nokre brev frå lesarane på trykk. Den nære kontakten med lesarane har kjenneteikna Norsk Barneblad fram til i dag. Nær kring seg hadde Kristen Stalleland også mange gode hjelparar som medredaktørar, tidvis redaktørar, nokre skreiv jamt og trutt for bladet eller hjelpte til på ymse vis når bladet var i økonomiske vanskar. Det var Paal Kjilland, Kristian O. Nordlid, Rasmus Løland, Klaus Sletten, Peter Hognestad, Bernt Støylen, Halvdan Koht, Molkte Moe og fleire andre. Det grodde etter dei alle og opplaget voks.

Dei sjuande farane i huset

Norsk Barneblad har hatt mange redaktørar, som kvar på sin måte har sett merke på bladet. To av dei har vorte ståande som bautaer i bladsoga. Den eine er Andreas Haavoll, (1869 – 1958) redaktør og eigar av bladet frå 1916 til 1956. Han gav bladet ein høg litterær kvalitet og fekk i gang teikneseriar og forlagsdrift. Kvaliteten på joleheftet Juletre vart framifrå og nådde salstal på mest 100.000 desse åra. Forlagsdrifta gjekk også godt. Under Haavoll greidde bladet seg økonomisk utan tilskot utanfrå. Med seg som redaksjonssekretærar og tidvis medredaktørar hadde han mellom anna Arne Falk, Johannes Horvei, Øyvind Dybvad og Herbjørn Sørebø. Den andre bautaen er Johannes Farestveit (1923 – 1995). Han tok over etter Haavoll i 1956 og sat til 1979.Farestveit styrde bladet og forlaget i Haavoll

si ånd, men gjorde likevel varsame endringar slik at bladet vart meir moderne og i takt med tida. Bladet heldt seg også godt økonomisk i Farestveit i tid. Han flytta bladet til Larvik der det heldt til i fleire år før det flytte attende til Oslo.

Teiknarane

I 1888 vart den fyrste illustrasjonen til ei forteljing prenta i bladet. Etter kvart vart det lagt meir vekt på gode illustrasjonar og bladet har fram til i dag hatt mange gode teiknarar. Tre av desse står likevel i ei serstode. Meisterteiknaren Jens R. Nilssen kom inn i bladet med ei teikning til eit eventyr i 1906. Sidan vart han fast husteiknar så lenge som han var yrkesaktiv. Vi kjenner alle den gode streken hans frå illustrasjonar i bladet, frå Smørbukk, Tuss og Troll og frå omslag og bøker frå forlaget. Den neste husteiknaren og meisteren var Solveig Muren Sanden. Den fyrste illustrasjonen til ei forteljing i bladet teikna ho då ho var 14 år. Sidan har det vorte ei mengd. I fleire år teikna ho Smørbukk.

Tuss og Troll teikna ho fram til 2008. Håkon Aasnes teikna Smørbukk frå 1982 og frå 1988 tok han også over skrivinga. Han har også teikna i Tuss og Troll og skriv og teiknar to nye seriar for bladet; Annika og Hanna.

Ei reise gjennom meir enn hundre år

Skrinet med det rare i tek lesaren med på ei reise gjennom 125 år med 40.000 sider lesestoff, 140 teikneseriehefte og over 240 bøker. Vi får fylgje bladet i medgang og motgang. Det syner seg at alt ikkje berre har vore gaman og glede i kulissane. Eirik Helleve gjev lesaren innsyn i bitre stridar i redaksjonen, mellom redaktør og styret, strevet med økonomi og mykje meir. Han teiknar også bilete av dugande personar, som fann utvegar og hadde ei fast hand på roret når det storma som verst. Innbaka i sjølve soga om Norsk Barneblad ligg og eit bilete av norsk samfunns- og kulturhistorie, målreising og ikkje minst den framveksande forståinga av barnet og ungdomen som sjølvstendige individ. I vår tid har det kome mykje lesnad for born og ungdom.

Til det har elektroniske media teke mykje rom frå det prenta ordet. Opplaget for Norsk Barneblad har gått jamt nedover det siste ti-året, slik det også har gjort for aviser og vekeblad.

Kvar ligg så vegen inn i framtida? Skal blad som Norsk Barneblad leva vidare må dei fylgja med tida, ja, helst liggja i framkant av utviklinga . Bladet lyt ha form og innhald som born og ungdom er opptekne av. Fram til i dag har Norsk Barneblad greidd slike omstillingar, jamvel om dei stundom kom seint, les vi i boka. Eirik Helleve har levert ei leseverdig, solid og grundig jubileumsbok ,med ei mengd flotte illustrasjonar i fargar. Boka er lettlesen, med mange faktaboksar attåt.

For dei som har levd ei stund, er boka reine minneboka frå oppvekståra. Jubileumsboka kom seint, men godt. All ære til forfattaren Eirik Helleve og barneblad-redaktør Nana Rise-Lynum for tiltaket. Nana Rise-Lynum er den fyrste kvinnelege redaktøren i Norsk Barneblad. I bladet, som før var mest eit reint guteblad, har ho rydda eit godt rom for jentene og. Dette lovar godt. Boka kan tingast hjå Norsk Barneblad eller kjøpast i bokhandelen.

EIRIK HELLEVE
SKRINET MED DET RARE I
Norsk Barneblad 125 år
Norsk Barneblads Forlag
160 sider

Einar Skjæraasen og trua

....og kjem på navnet Gud

Av Nils-Petter Enstad

Generasjonar av skuleborn har lært Einar Skjæraasen sitt vakre dikt om respekten for naturen og skaparverket: «Du ska itte trø i graset». For nokre tiår sidan var det nesten å rekne som naturvernet sin salme og kampsong i ein og same tekst. I si bok om Trysil-diktaren fortel sonen Magne Skjæraasen om det religiøse i faren sitt sinn og si dikting, og skildrar ein prosess som gjekk frå barnetru til panteisme og attende til barnetrua.

Det religiøse draget var til stades i Einar Skjæraasen sitt sinn frå første til siste bok, ikkje som ein trong til å finne ut av eit spekulativt system eller ei jakt på analyse og erkjenning, men som ein intuisjon og ein vørnad for livet sitt mysterium.

Han vaks opp i ein heim der kristendom var noko som høyrde kvardagen til. Han gjekk i søndagsskule til han var rett stor, saman med syskena sine. Dei bibelske forteljingane og omgrepa sat djupt festa i sinnet hans, fortel Magne Skjæraasen i boka «Fra dikt til drøm», som kom til faren sin 100-årsdag i år 2000. Boka var ei revidert utgåve av forfattaren si første bok om far sin: «En elsker i verden».

Kom bort

Etter kvart som han vart vaksen, kom Einar Skjæraasen bort frå det sonen kallar «den artikulerte kristendom». Møte med sjukdom og død, og ikkje minst med to bestialske krigar, førde han til det som sonen kallar eit «slektskap med Thomas: Vis meg naglegapene». For den kjenslevare lyrikaren var



dette ein smertefull veg, og enkelte ting ga han aldri slepp på: Som trua på eit skapande prinsipp i tilværet. I diktet «Juninatt» seier han det slik:

Og itte kan je lover
og itte kan je bud
for alt som gror og yrer,
syg kraft og fanger skrud.
Je berre lever i det
og kjem på navnet Gud.

I diktet «Det store i det små» er han inne på den same tankerekkja når han fortel kva han skal svare presten:

Og er han stram i kjolen
og spør meg hva jeg tror,
da tror jeg det er gudshus
i hver en neve jord.

Kristen humanist

Einar Skjæraasen fekk ei åndeleg utvikling som kan ha mange likskapstrekk med den prosessen menn som Kristian Schjelderup og Anders Wyller opplevde: Mot ein kristen humanisme.

Dikta hans fekk eit anna preg. Diktet «Hymne» frå 1965, året før han døydde, fekk plass i «Salmer 1997». Dei tre versa tek utgangspunkt i det kvardagslege, samstundes som dei alle endar opp med ei lovprising:

Himlen blåner for vårt øye, jorden grønnes for vår fot.
Bekken risler for vår tørste, korn og blomst og tre slår rot.
Fugler spiler sine vinger, barnet pludrer med sin mor.
Lovet være han som skapte drømmen og det første ord.

Vinden har sin sti å vandre, bølgen har sin vei å gå,
vår og sommer, høst og vinter skifter i det minste strå,
gledens tid og sorgens time har sin bolig i hvert sinn.
Lovet være han som åpnet første le og siste grind.

Lyset stiger, lyset faller over alle dunkle fjell.
Morgensol og aftenstjerne viser dag og varsler kveld.
Hjertet har sin lengsels høyde, hånden har sin gjernings fred.
Lovet være Han som er og ånder over tid og sted.

Sonen skriv at diktaren laut frigjere seg frå sin første, urefleksterte kristendom, som hadde vore utan motførestillingar, og gjere sine eigne røynsler, til dømes med Getsemane. Det diktet som heiter «Getsemane», endar då også med ei klår, kristen vedkjenning:

Som før, som før står et oppreist kors og bryter mot morgenrøden.
Og menneskesønnen bærer som før de skyldiges skyld inntil døden.

Gåver til Stille Stunder 2011 (framhald)

Gudrun Jansen, Gol ..... kr 100,-
Oddvar M Michaelsen, Fister ..... " 50,-
Johs G Hareide, Hareid ..... " 250,-
Leif Andnes, Bryne ..... " 100,-
Bjørn Holm Solberg, Enebakk ..... " 50,-
Ole Dag Østhus, Ølen ..... " 300,-
Nils N Nesheim, Eidslandet ..... " 200,-
Olav Rio, Voss ..... " 150,-
Ingfrid Rasdal, Skulestadmo ..... " 50,-
Lyder Gulbrandsen, Voss ..... " 100,-
Brita Holsen, Voss ..... " 100,-
Helge Bendiksen, Hjelmeland ..... " 100,-
Gerd Davidsen, Fyllingsdalen ..... " 100,-
Annemor Røsland, Husnes ..... " 350,-
Olav Vagle, Sandnes ..... " 50,-
Alvhild Lie, Lillehammer ..... " 100,-
Maria Standal, Seim ..... " 50,-
Ellen Kildal, Vestre Gausdal ..... " 100,-
Sigrid Berge, Øystese ..... " 200,-
Magnhild Sagosen, Holmedal ..... " 50,-
Sigrun Mjånes, Bremnes ..... " 100,-
Astrid Ingrid Husevåg, Raudeberg ..... " 150,-
Eli Karen Nerbø Simonsen, Fitjar ..... " 350,-
Arvid Syrstad, Skaun ..... " 50,-
Ingrid Lohne, Søgne ..... " 100,-
Unni Svarstad Torgersen, Haugesund. " 400,-
Sissel Martha Vestbøstad, Stavanger... " 200,-
Rolf Salte, Bryne ..... " 100,-
Gerhard Berge, Søreidgrend ..... " 50,-
Eldbjørg Lillevik, Bolsøya ..... " 50,-
Tor Mygland, Kvinesdal ..... " 50,-
Kristen Turtum, Oslo ..... " 100,-
Magnhild Berge, Stryn ..... " 500,-
Torleiv Rogne, Longva ..... " 100,-
Knut Sæbø, Tornes i Romsdal ..... " 150,-
Harald T Fykse, Odda ..... " 50,-
Gudrun Vigdal, Gaupne ..... " 50,-
Reidar Vassenden, Evanger ..... " 100,-
Ågot Mjølkeråen, Haus ..... " 50,-
Johannes Nag, Stavanger ..... " 50,-
Olaug Alvsaker, Utne ..... " 100,-
Anne Løyland Haugå, Bygland ..... " 150,-
Valbjørg Riise, Hafrsfjord ..... " 100,-
Johan Godø, Godøya ..... " 150,-
Halvor Høibø, Jaren ..... " 200,-
Sigurd Haugen, Tyristrand ..... " 150,-
Ragnhild Bakkerud, Drammen ..... " 100,-
Inger M Grimstad, Søreidgrend ..... " 100,-
Ingebjørg Kyte, Voss ..... " 100,-
Johanna Vattøy, Gurskøy ..... " 50,-
Jorunn Guddal, Seimsfoss ..... " 50,-
Anna Gloppen, Nedstrand ..... " 100,-
Robert K Anderson, Hovin i Telemark.. " 350,-
Audun Magne Vevatne, Stord ..... " 100,-
Asgeir Stanghelle, Vardø ..... " 250,-
Nils Arne Lavik, Frekhaug ..... " 100,-
Gurid Byrkje, Voss ..... " 50,-
Anna Sundve ..... " 50,-
Hugfrid Raaheim, Tresfjord ..... " 200,-

Sverre Storøy, Ulset i Åsane ..... " 100,-
Margit Hansen, Sortland ..... " 100,-
Signe Stople, Fyllingsdalen ..... " 100,-
Birger Torsvik, Rong ..... " 150,-
Marta Hansen, Stavanger ..... " 100,-
Lidvor Hatteland, Nærbø ..... " 200,-
Solveig Åsvang, Baldersheim ..... " 50,-
Gudrun Kullungstad, Lesja ..... " 100,-
Sigfrid Midtbøe Larsen, Flekkefjord .... " 50,-
Haldis Eikarol, Flekke ..... " 150,-
Mina Raknes, Valestrandsfossen ..... " 100,-
Ragnhild Hobbelsland, Eiken ..... " 50,-
Eldrid Roald, Vigra ..... " 100,-
Magnar Bødal, Stårheim ..... " 100,-
Ole Brevik, Gressvik ..... " 50,-
Aud K Enfen, Ulset i Åsane ..... " 50,-
Åshild Bjørgum Øwre, Sparbu ..... " 50,-
Reidunn Ellingsen, Nyborg ..... " 50,-
Svanhild Farestveit, Kristiansand S ..... " 50,-
Haldor K. Lid, Voss ..... " 200,-
Sjur Repål, Voss ..... " 200,-
Eli Sonja Kolset Vasset, Langevåg ..... " 50,-
Bergljot Kallset, Tingvoll ..... " 100,-
Leif Zachariasen, Sørreisa ..... " 500,-
Marta Sætrenes, Stavanger ..... " 50,-
Sverre Elias Tretteberg, Bergen ..... " 100,-
Hans Lavoll, Luster ..... " 100,-
Arne Ingvard Kjelby, Brekke ..... " 50,-
Bergny Ullaland, Naustdal ..... " 50,-
Ivar Hernes, Evanger ..... " 50,-
Margot Ivesdal, Ølen ..... " 50,-
Olav Eikeland, Vikedal ..... " 50,-
Anlaug Gudmestad, Nærbø ..... " 50,-
Astrid Pukerud, Grimo ..... " 200,-
Mally Raknes, Fyllingsdalen ..... " 150,-
Halldis Hjartåker, Kopervik ..... " 100,-
Anders Askeland, Rådal ..... " 200,-
Solveig Skaten, Onarheim ..... " 50,-
Anne Nedremyr, Hol ..... " 150,-
Ivar Asheim, Hosle ..... " 50,-
Åmund Eldhuset, Bygland ..... " 150,-
Oddvar Moen, Hægeland ..... " 200,-
Petter Dahle, Batnfjordsøra ..... " 100,-
Dagbjørg Øistad Jakobsen, Follebu .... " 100,-
Anders Austefjord, Laksevåg ..... " 100,-
Atle Selvik, Kvammen ..... " 150,-
Per Ingvald Aarskog, Forsand ..... " 100,-
Bjørn Vik, Suldalsosen ..... " 50,-
Oddrun Havåg Gjerde, Ulsteinvik ..... " 150,-
Kirsten Grunnaleitet, Haugesund ..... " 50,-
Dreng Dale, Nyborg ..... " 500,-
Lars Otto Tveit, Hafrsfjord ..... " 150,-
Oddvar Grøvlen, Florø ..... " 150,-
Narve Rognebakke, Selbu ..... " 150,-
Sigrun Kvitastein, Øystese ..... " 100,-
Bjarne Nøttveit, Bruvik ..... " 150,-
Øystein K Ynnesdal, Brekke ..... " 50,-
Borgny Dalland, Fusa ..... " 50,-
Norunn Rong, Skulestadmo ..... " 100,-

Arne Karl Braut, Sandnes ..... " 50,-
Gunnar Bakke, Baldersheim ..... " 150,-
Ingebjørg Dale, Tinn Austbygd ..... " 50,-
Else Marie Marthinussen, Sandvika ..... " 50,-
Martin Stokkenes, Førde i Hordl ..... " 100,-
Odd Lykstad, Hareid ..... " 250,-
Olav Hannisdal, Lindås ..... " 100,-
Orlaug Høgset, Førde ..... " 50,-
Jon Olav Tesdal, Etne ..... " 150,-
Leiv Samdal, Fana ..... " 150,-
Marit Røinås, Søgne ..... " 50,-
Arvid Bryggeså, Eiken ..... " 50,-
Magnhild Fjermedal, Vatnestrøm ..... " 100,-
Ruth Eidnes, Bodø ..... " 150,-
Aud Ingeborg G. Vigre, Nærbø ..... " 50,-
Svanhild Mildrid Grimstad, Alta ..... " 250,-
Geir Inge Auklend, Figgjo ..... " 50,-
John Ulven, Hvalstad ..... " 100,-
Hildur Margrethe Moe, Aksdal ..... " 150,-
Borghild Helene Susort, Tysværvåg ..... " 50,-
Olav Steinar Namtvedt, Sletta ..... " 150,-
Bernt Emil Våge, Straume ..... " 50,-
Einfrid Storegjerde, Løfallstrand ..... " 150,-
Marta Marie Skeie, Seimsfoss ..... " 100,-
Sigrun Straume, Stamnes ..... " 50,-
Sofie Bjelland, Sunde i Sunnhordl. ..... " 50,-
Sigbjørn Øie, Saudasjøen ..... " 100,-
Ingegerd Nesje Fauske, Førde ..... " 50,-
Einar Gjerde, Indre Arna ..... " 200,-
Rakel Flå, Ålvundfjord ..... " 50,-
Lars Slåttå, Stavanger ..... " 50,-
Hæge M. Roholdt Brunvatne, Sandefjord " 100,-
Rønnaug Ryssdal, Vadsø ..... " 50,-
Marie Bakkane Weibell, Tananger ..... " 150,-
Borgny Gjerald, Vossestrand ..... " 150,-
Jorunn Øxnevad Lie, Kolltveit ..... " 150,-
Erling Førland, Oslo ..... " 150,-
Jon Solberg, Notodden ..... " 200,-
Brynhild Nygård, Stabekk ..... " 100,-
Turid Margrete Sørhus, Levanger ..... " 50,-
Olav N. Edal, Skulestadmo ..... " 100,-
Haldor Lars Slettebø, Oslo ..... " 150,-
Signe Mjelde, Stord ..... " 100,-
Ola Sandvik, Sauda ..... " 150,-
Anna Sylvia Haukås, Paradis ..... " 50,-
Steinar Lima, Ålgård ..... " 50,-
Ruth Gloppen, Fitjar ..... " 50,-
Alfred og Ester Mæhle, Haus ..... " 150,-
Aslaug Myrmel, Flaktveit ..... " 100,-
Annemor Klubben, Rubbestadneset .... " 50,-
Liv Bryplass, Geilo ..... " 150,-
Ragnhild Hagen, Ål ..... " 150,-
Kristine Baustad, Sand ..... " 50,-
Aslaug Heggheim, Guddal ..... " 100,-
Gurine Riise, Førresfjorden ..... " 350,-
Olav Digernes, Rådal ..... " 150,-
Arne Magne Aune, Gvarv ..... " 50,-
Linda K. Kvalsund Saxrud, Fjerdingby . " 50,-
Målfrid Stautland, Bremnes ..... " 150,-

AJ Øvland Mek. Verkstad, Finsland .... " 100,-
Brita Haug Tverberg, Voss..... " 50,-
Ola Birkeland, Vikeså..... " 150,-
Helga Tonning, Øystese..... " 100,-
Britt Randi Heggheim, Byrkjelo..... " 50,-
Astrid van Zijp, Sand..... " 50,-
Jonn Eikeland, Haugesund..... " 100,-
Signe F Lønning, Aksdal..... " 150,-
Petra Giskeødegård, Giske..... " 100,-
Inger Johanne Vik, Porsgrunn ..... " 50,-
Ivar Åmlid, Tonstad..... " 200,-
Anlaug Kvalvågnes, Fonnes ..... " 250,-
Ingeborg Tjørholm, Tjørholm ..... " 150,-
Gudrun Sjevelås, Sørli ..... " 50,-
Magne Myhra, Voss..... " 150,-
Berit Irene Tollefsen, Vigrestad ..... " 150,-
Aslaug Solås, Sørbøvåg..... " 50,-
Rakel Marie Kolnes, Sola..... " 150,-
Sunneva Urheim, Kinsarvik ..... " 200,-
Jakob Røyrvik, Norheimsund..... " 50,-
Tor Valle, Treungen ..... " 350,-
Jørgen Vogt, Oslo ..... " 50,-
Byrgny Røvang, Oslo ..... " 150,-
Gudny Utne, Lundegrend..... " 300,-
Elisabeth Aagot Koren..... " 100,-
Knut Skjeldal, Hof ..... " 100,-
Oddny Langeland, Førde..... " 50,-
Jon Olav Ytrehorn, Hornindal ..... " 50,-
Martha Lohndal, Stord ..... " 100,-
Hilda Haugen, Dale i Sunnfj..... " 100,-
Gunnar E. Lande, Grendi ..... " 100,-
Odd Asbjørn Nybø, Ørskog ..... " 100,-
Torgeir Nygård, Lillehammer..... " 150,-
Liv Nyborg, Kysnesstrand..... " 100,-
Aud Sørtun Nygard, Modalen..... " 50,-
Elen Sandvik, Bergen..... " 100,-
Sven Tysdal, Sandnes ..... " 100,-
Olav Yksnøy..... " 50,-
Mons Heggernes, Mjølkeråen ..... " 50,-
Magnhild Steine, Evanger ..... " 100,-
Arnhild Eidsnes, Matredal..... " 100,-
Ragnhild Halsnes, Dale i Sunnfj..... " 100,-
Rannveig Bjørkum, Frekhaug ..... " 50,-
Jorunn Lotsberg, Sandane ..... " 50,-
Reidunn Dalsbø, Stadlandet..... " 100,-
Olav Flaaten, Vinje ..... " 50,-
Ester Jakobsen, Stavanger ..... " 150,-
Eivind Veddegjerde, Giske..... " 300,-
Gudny Meland, Årbakka ..... " 100,-
Olav Gunnar Borge, Haukeland ..... " 50,-
Knut Ottar Kringeland, Aksdal ..... " 100,-
Audun Johannes Tang, Blomsterdalen " 50,-
Astrid Alen, Ålesund ..... " 150,-
Ester Magna Johnsen, Skudeneshavn.. " 100,-
Leif-Steinar Alfsvåg, Stord..... " 150,-
Ada Løtuft, Naustdal..... " 100,-
Kåre Jens Mestad, Alversund ..... " 100,-
Ingebjørg Søreide, Søreidgrend ..... " 50,-
Helga Solveig Hattaland, Bryne..... " 50,-
Gunnar Kristen Hauge, Skodje ..... " 100,-
Ingrid Haugetun, Rong..... " 50,-
Solvor Eldrid Aadland, Årland ..... " 50,-
Kristen Johan Øgaard, Haukeland..... " 50,-
Liv Jorunn Braastad, Fåvang..... " 100,-
Ragnar Hove, Vik i Sogn ..... " 100,-

Rolf Johan Stave, Stadlandet..... " 100,-
Øyvind Vadstein, Volda ..... " 100,-
Gunnar Andreas Gilberg, Bergen..... " 50,-
Sverre Skjerahaug, Erfjord ..... " 50,-
Tormod Jendal, Sira..... " 135,-
Aslaug Almelid, Jar..... " 50,-
Elsa Rødal, Lillehammer..... " 100,-
Annie Hesseberg, Ålesund ..... " 50,-
Sigbjørn Heie, Frekhaug..... " 150,-
Ellen og Ole Kjølen, Stranda ..... " 150,-
Rønnaug Risa Bakke, Bønes..... " 100,-
Bjørn Rike, Rykene..... " 200,-
Bjarne Nevestveit, Sandnes..... " 200,-
Svanhild Gravdal, Bergen..... " 100,-
Inger Gjerpe, Rykkinn..... " 50,-
Marta Giljarhus, Vossestrand..... " 100,-
Olaug Birgit Frøysa, Larvik..... " 50,-
Inge Monefeldt, Kråkerøy..... " 300,-
Ivar Nistad, Odda..... " 50,-
Kari Nornes, Sogndal..... " 100,-
Jon S. Buset, Volda..... " 50,-
Liv Sørumshagen, Jaren..... " 50,-
Sigrun Kari Stokkenes, Nordfjordeid.... " 200,-
Solveig Otlo, Levanger..... " 200,-
Jorunn Aashild Kleppe, Lonevåg ..... " 100,-
Nils Peter Torsrud, Veggli..... " 100,-
Jon Skjeldestad, Sogndal..... " 100,-
Reidar Vassenden, Evanger ..... " 50,-
Alvhild Røys Frøyen, Kalvåg..... " 50,-
Olav Georg Tveiten, Eiken ..... " 100,-
Brit Sevheim Harkstad, Herøysundet... " 200,-
Hjørdis Sofie Birkeland, Haukedalen... " 50,-
Trond Obrestad, Voll..... " 100.-
Brynjulv Melve, Voss ..... " 100,-
Åsa Kvinnesland, Kleppe..... " 50,-
Johs. Bernhard Hjelland, Finnås..... " 59,-
Kåre Mangersnes, Voss..... " 50,-
Signe Kjerland, Sætre..... " 100,-
Norunn Heggen, Nordfjordeid..... " 100,-
Anne Steensland, Stavanger..... " 50,-
Olava Regine Larsen, Sveio..... " 200,-
Inghart Lassa Tveit, Skjold ..... " 150,-
Johannes Falnes, Trondheim ..... " 100,-
Anders Gustad, Ekne..... " 50,-
Valter Osmo, Utne ..... " 350,-
Inge Grimstad, Hareid..... " 50,-
Halldis Riber, Voss..... " 100,-
Kjetil Arve Myskja, Volda..... " 50,-
John Seim, Seim..... " 50,-
Øyvind Vevle, Lonevåg..... " 50,-
Arne Ivar Teige, Raudeberg ..... " 50,-
Johanna Suhrland, Oslo..... " 50,-
Alise Bredesen, Finnås..... " 50,-
Meinert Helland, Manger..... " 50,-
Leif Kåre Kolnes, Ølensvåg ..... " 50,-
Gunnar Siqveland, Vigrestad..... " 50,-
Leif Malvin Knutsen, Håvik..... " 50,-
Ranveig Reilstad, Finnøy..... " 50,-
Olav Nummedal, Voss ..... " 50,-
Torill Markussen Ringheim, Skulestadmo " 50,-
Signe Lid Trana, Voss ..... " 350,-
Karsten Anfinn Øvretveit, Rubbestadn. " 100,-
Brit Anna Bjørke, Åmot..... " 50,-
Jorunn Kittang Verlo, Lyngstad ..... " 50,-
Anne Grete Botten, Vågland ..... " 50,-

Harald Hatlevik, Nesttun..... " 150,-
Inge Anton Andersen, Vassenden..... " 150,-
Annanias Tomre, Baldersheim..... " 50,-
Hans Haukås, Nyborg ..... " 50,-
Oddmund Vevle, Valestrandsfossen.... " 50,-
Sunniva Mikaela Fasmer, Nesttun ..... " 50,-
Bent Jakob Kvalsund, Isfjorden ..... " 50,-
Åsgeir Brunborg, Voss..... " 50,-
Tormod Hagen, Fannrem..... " 200,-
Kari Tegle Bryne, Bryne ..... " 50,-
Ingvar Kleppe, Kleppe ..... " 50,-
Harald August Jakobsen, Flekkefjord .. " 350,-
Kari Klambestad, Odda ..... " 50,-
Gunhild Ness, Bergen ..... " 50,-
Margith Snekkevik, Brattholmen ..... " 50,-
Hans Arne Børsheim, Strandebarm..... " 50,-
Anne Marie Ueland, Molde..... " 50,-
Inger Marie Runde Huus, Runde ..... " 50,-
Simen Aalvik Simensen, Tolga..... " 50,-
Bertel Olai Botnevik, Evje ..... " 50,-
Borgny Rosnes, Lindås..... " 50,-
Sverre Sandve, Lesja..... " 50,-
Bjørg Sundsøy, Bergen ..... " 100,-
Liv Unni Løvdal, Songe ..... " 50,-
Normann Lid, Voss..... " 100,-
Magnar Mangersnes, Ulset..... " 50,-
Johan Sigfred Havro, Vang i Valdres.... " 50,-
Harald Grønnevik, Skånevik ..... " 50,-
Njål Egil Sivertsen, Oslo..... " 250,-
Jan Sigmund Sandsmark, Klepp Stasjon " 50,-
Hans Johan Sagrusten, Kviteseid..... " 50,-
Torstein Sætre. Mathopen ..... " 50,-
Sissel-Anny Hjelmtveit, Seim ..... " 50,-
Geir Palle Haarr, Vigrestad..... " 50,-
Sigurd Grimstad, Hareid..... " 50,-
Aasmund Skjerdal, Voss..... " 50,-
Kåre Kvammen, Kirkenes..... " 50,-
Ruth S Beisland, Birkeland, ... " 150,-
Arnold Oddmar Skogen, Haugesund... " 100,-
Sverre Elias Trætteberg, Bergen..... " 150,-
Kåre Flokenes , Stavanger ..... " 150,-
Odd Lykstad, Hareid ..... " 300,-
Hanne Jorunn Risøy, Ølen..... " 50,-
Bjørn Eide, Raudeberg..... " 150,-
Per Runningen, Haukeland..... " 100,-
Ingeborg Søyland, Bryne ..... " 50,-
Johan Peder Moe, Suldalsosen ..... " 50,-
Jon Ludvig Berstad, Auklandshamn .... " 50,-
John Sølve Tyssedal, Trondheim..... " 50,-

Redaktør og bladstyre vil hermed å takka alle gjevarar. I slike lange lister kjem me nok ikkje heilt fri for feilskrivingar. For det som såleis kan finnast av feil, lyt me få be om orsaking. Vonleg kan desse listene på sitt vis tena som helsing frå lesar til lesar. Det skal elles leggjast til: Me er takksame for alle som er med oss – også dei som «nøyer seg» med å betala dei faste bladpengane

A

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

NORGE P.P.

RETURADRESSE:
Stille Stunder
ved Berit Torp,
5286 Haus.

Eg trur Bibelen og bibelspråket alltid har vore viktig for diktinga mi. Og for meg er det nok Indrebø-bibelen som er og blir Bibelen. Noko anna er vel at eg sjølv har gått frå å rekna meg som ein slags heidning og til å sjå på meg sjølv som ein slags kristen.

Jon Fosse til Dag og Tid i nr. 5/12

Ein veldig Gud

Av Einar Helde

Tone: Å, tenk når eingong samlast skal

Ein veldig Gud har synt si makt.
Han skaper lys og liv.
Vår allheim blir slik han har sagt.
Ånd over vatna sviv.

I opphavet var Ordet til,
og det blir kjøt på jord.
Gud milliardar frelse vil.
Slik lyder Herrens ord.

Ved Jesu dåp i Jordan elv
kjem ånd som due ned.
Ei røst frå høge himmelkvelv
ber bod om kjærleik, fred.

No vitnar vatnet, Andens eld,
og blodet til Guds Son,
for kristne heilt til livsens kveld
om kjærleik, tru og von.

100 år i 2003

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
forretningstrykksaker- brevpapir,
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

101 år 1902 – 2003
Sunnhordland

Tel. 53 45 00 00

NYNORSK ANTIKVARIAT
www.nynorskantikvariat.no

Nynorsk Antikvariat AS
Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon 37 16 66 66
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar
Arne-Ivar Kjerland
E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098